



Notat

Dato: 19.06.2015
Arkivsak: 2014/10499-49
Saksbehandlar: ROABREI

Til: Fylkesrådmannen

Partsbrev - Uttale - Godkjenning av 2 prosjektrekneskapar

Vedlagt følgjer partsbrev for sak PS 43/15 Godkjenning av 2 prosjektrekneskapar frå møte i kontrollutvalet 17.6.15 til vidare handsaming.

Påskrift frå sekretariatet:

Uttalen som går fram av saksprotokollen, skal vidare til handsaming i fylkestinget.

Kopi til:
ORGANISASJONSAVDELINGA
ØKONOMIAVDELINGA

Arkivnr: 2014/10499-44
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Godkjenning av 2 prosjektrekneskapar

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet skal i samsvar med gjeldande budsjett- og økonomiforskrifter, uttala seg om årsrekneskapane. Det er lagt til grunn at prosjektrekneskapar følgjer same prosedyre. I samband med dette gjorde fylkestinget slikt vedtak i sak 49/13 i møte 15.10.13:

«Fylkestinget vedtek at prosjektrekneskapar:

1. På 10 millionar kroner eller høgare skal reviderast av ekstern revisor og handsamast i kontrollutvalet før dei går vidare til politisk handsaming.
2. Der avviket i høve opphavleg budsjett er meir enn 10 % skal same rutine følgjast.»

Uttalen frå kontrollutvalet skal for desse prosjektrekneskapane leggjast ved sak frå fylkesrådmannen til fylkestinget, som gjer vedtak i saka. Sekretariatet har motteke uttale til prosjektrekneskap for 2 prosjekt og begge desse prosjekta har kostnadsrammer som er over 10 millionar kroner og kjem difor inn under punkt 1 i vedtaket over. I revisjonsmeldingar dagsett 1.6.15, har Deloitte stadfesta at prosjektrekneskapane gjev eit rettvise bilete av prosjekta og at dei er i samsvar med god kommunal rekneskapskikk.

Notat om avslutning av prosjekta, prosjektrekneskapar, revisjonsmeldingar og oversikt over prosjektrekneskapane ligg ved.

Drøfting:

Begge desse byggeprosjekta er store prosjekt der det er løyvd midlar ved fleire høve og over fleire år. Dersom ein ser rekneskapsresultatet i forhold til løyvd kostnadsramme er det forholdsvis små avvik på begge prosjekta, jf. vedlagte oversyn. For storfevjøs ved Voss jordbruksskule er det løyvd midlar tre gonger og for Nordahl Grieg vgs heile 8 gonger. Det er ulike årsaker til at det er løyvd midlar ved fleire høve og med gode forklaringar på at det har oppstått behov for meir pengar. Det er difor ikkje lett tilgjengeleg å finne

ut kva den opphavlege budsjetttramma eigentleg er. Følgjeleg er det også vanskeleg å kunne seie noko om korleis dei reelle avvika har vore i høve opphavleg budsjett. Dette gjeld spesielt for prosjektet Nordahl Grieg vgs. Kontrollutvalet har som kjent ved fleire tidlegare prosjekt kommentert det same. Sekretariatet vil på bakgrunn av dette på nytt kommentere at det vil vera ei føremon om ein kan unngå dette i framtidige prosjekt. Ut frå det som går fram over er det igjen grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok.

Det går fram av begge prosjektrekneskapane at det har teke lang tid frå siste løyving vart gjeve og til rekneskapsavslutning låg føre:

- 02105 Voss jordbruksskule – Storfefjøs 2012
- 06009 Nordahl Grieg vgs. – Nybygg 2010

Sekretariatet stiller igjen spørsmål ved om det er naudsynt å vente så lenge før prosjektrekneskapane vert avslutta. Det vert også vist til at kontrollutvalet i fleire tidlegare uttalar for prosjektrekneskapar har kommentert det same.

Sekretariatet vil igjen framheve at det på bakgrunn av dette vil vera ei føremon om ein i framtida kan finne fram til rutinar som gjer at ein kan avslutte slike prosjektrekneskapar tidligare enn det som har vore tilfelle her.

Kontrollutvalet gjorde i samband med dette slikt vedtak i sak PS 21/15 «Godkjenning av 5 prosjektrekneskapar» i møte 23.3.15:

«Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å møte i kontrollutvalet 17.6.15 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort for å betre rutinane som er omtala i punkt 3 i uttalen.»

I punkt 3 i uttalen stod det dette:

«Kontrollutvalet har merka seg at det har teke lang tid frå siste løyving blei gitt for 4 av prosjekta, til endeleg rekneskap ligg føre. Vidare har utvalet merka seg at fleire av prosjekta har store avvik i høve opphavleg budsjett og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok.»

Utover det som går fram over er handsaming og revisjon av prosjektrekneskapen utført i tråd med regelverket ved at dei vert revidert etter kvart, ved at dei vert send vidare til sekretariatet for handsaming i kontrollutvalet og at det er lagt ved notat med forklaring på avvik for alle prosjekta.

Konklusjon:

På bakgrunn av det som kjem fram i fylkesrådmannen si orientering om rutinane på dette området vert det tilrådd av at kontrollutvalet drøftar seg fram til ein konklusjon.

Sekretariatet tilrår elles at kontrollutvalet tar konklusjonane frå Deloitte til etterretning.

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapane gjev eit rettvise bilete av at prosjekta er i samsvar med god kommunal rekneskapskikk.
2. Utvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.
3. Fylkesrådmannen orienterte om rutinane innan prosjektrekneskapar i Hordaland fylkeskommune og kontrollutvalet.....

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.06.2015

Handsaming i møte

Fylkesrådmann, Rune Haugsdal orienterte om rutineane innan prosjektrekneskaper i Hordaland fylkeskommune og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom m.a. fram at det vert arbeidd med rutinar på området og at arbeidet vert å gjera ferdig etter at ny eigedomsdirektør har begynt 1.8.15.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Uttale

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapane gjev eit rettvise bilette av at prosjekta er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.
2. Utvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.
3. Utvalet merka seg fylkesrådmannen si orienterte om arbeidet med å betre rutineane innan avslutning av prosjektrekneskaper i Hordaland fylkeskommune og at administrasjonen tek sikte på å gjera ferdig dette arbeidet etter at ny eigedomsdirektør har starta opp.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
Utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Oversyn 2 prosjektrekneskaper
- 2 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 02104 - Voss jordbruksskule - storfefjøs
- 3 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 02104 - Voss jordbruksskule - storfefjøs
- 4 Revisjonsberetning Voss jordbruksskule
- 5 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 06009 - Nordahl Grieg vgs. - nybygg
- 6 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 06009 - Nordahl Grieg vgs - nybygg
- 7 Revisjonsberetning Nordahl Grieg vgs